

**Uskedelingen Oddbjørn Kroka har nå klaga till Olje- og energidepartementet over vedlaket om å påleggja konsesjonsplikt for Kroka2 småkraftverk, som han vil byggja på Kroka i Mauranger..**

**Grunnen til pålegget er forekomsten av ein sjeldan mose - Molenda Warburgii, som er ein rødlisteart.**

**Men Kroka meiner vedtaket er fatta på eit uriktig grunnlag.**

Det er lagt svært stor vekt i avslaget på at tiltaket kjem til å redusera talet på dagar med overløp frå 92 til 52 dagar og at det vil ta bort fuktigheten frå mosen. Men det er ikkje teke omsyn til talet på regndagar i forhold til talet på overløpsdagar. Det er så godt som ikkje overløpsdagar så lenge det ikkje regnar.

Kroka peiker ellers på at den andre staden denne mosen er funnen her i landet er i ein vegkant. Det viser at den ikkje er avhengig av vannføringa i elva i det heile. Dette bekreftar Olav Overvoll frå miljøvernavdelingen hos Fylkesmannen. Det einaste dei krev er at det ikkje vert noko anleggsarbeid i området der mosen veks, og det vil det verta teke omsyn til.

Biolog Leif Appelgren seier at det truleg er like viktig for mosen at dette er ein stad kor det ikkje skin sol og derfor svært sjeldan tørkar heilt opp.

Kroka finn det underleg og ikkje i henhold til normal praksis at NVE ikkje tek omsyn til fylkesmannen som faginstans. Han har ikkje tidlegare vore borte i ei sak der NVE går så djupt inn når høyringspartane er positive.

Hvis utbyggjaren ikkje får medhald vil konsesjonsbehandling vera neste steg. Han vil i så fall veta kva ein i ein slik prosess kan oppnå som ikkje allereie er oppnådd.

Kan kunstig vatning inkludert oppfølging i området vera eit alternativ, undrar Kroka.

Av Ola Matti Mathisen